


Ordliste


Bebygd areal (BYA):

Det arealet som bygningen eller bygningane samla på eigedomen brukar av terrenget. «Fotavtrykket».



Bruksareal (BRA):

Det samla arealet for alle måleverdige plan.




Figur 2-12 |
en tomt er
bygninger/
areal og pa

Etasje:

Etasjeantall i ein bygning er summen av måleverdige plan som ligg over kvarandre og som utgjer bygningen sin hovuddel og tilleggsdel (for definisjon av hovuddel/tilleggsdel, sjå under). Følgjande plan vert ikkje rekna med i etasjeantallet:

- Kjeller i form av tilleggsdel og med himling mindre enn 1,5 meter over planert terrengs gjennomsnittsnivå rundt bygningen
- Mellometasje som har bruksareal mindre enn 1/5 av underliggende heile etasje sitt bruksareal
- Loft som berre innehold tilleggsdel og som har bruksareal mindre enn 1/3 av underliggende etasje sitt bruksareal.



Figur 4-2 Beregning av etasjetall

Gesimshøgd:


Høgda opp til skjæringa mellom ytterveggen og takflata. Sjå bileta under for eksempel.

Mønehøgd:


Høgda til skjæringa mellom to skrå takflater.

Både gesimshøgd og mønehøgd vert målt i forhold til ferdig planert terrengs gjennomsnittsnivå rundt bygningen (sjå definisjon under).


Eksempel for berekning av gesims- og mønehøgd ved ulike takkonstruksjonar:




Figur 4-9 a Valmtak




Figur 4-9 b Saltak



Figur 4-9 i Tak med altan i skrå flate




Figur 4-9 j Saltak med tverrfløy




Figur 4-9 c Mansardtak




Figur 4-9 d Pulttak




Figur 4-9 k Saltak med tverrfløy og ulik gesims




Figur 4-9 l To flate takflater



Figur 4-9 e To takflater



Figur 4-9 f Tak med kobhus



Figur 4-9 m Flatt tak med takoppbygg eller inntrukket toppetasje

Figur 4-9 g Tak med ark


Figur 4-9 h Tak med takopplett

Figur 4-9 n Møne og gesims på ulike takformer

Planert terrengs gjennomsnittsnivå:

Kotehøgda (moh = meter over havet) for gjennomsnittet av ferdig planert terrengrundt bygningen/konstruksjonen.

$$\text{Gjennomsnittsnivå} = (\text{kote A} + \text{kote B} + \text{kote C} + \text{kote D}) / 4$$



Utnyttingsgrad/TU (total utnytting):

Kor stor del av tomtearealet ein kan bygge på.

Minste uteoppholdsareal (MUA):

Areal som er eigna til leik, opphold og rekreasjon. Den ubebygde delen av tomta som ikkje er satt av til køyring eller parkering.

Rom for varig opphold:

Rom der ein oppheldt seg dagleg. I bustad: stove og tilsvarande rom, kjøkken og soverom. Bod fell utanfor. Får betydning for kva tekniske krav som vert stilt til rommet.

Hovuddel i bustad:

Rom for varig opphold (sjå definisjon over). Eksempel: soverom, kjøkken, kjølerom, entre, vindfang, bad, toalett, vaskerom, badstue, rom for svømmebasseng, trimrom, isolert vinterhage.

Tilleggsdel i bustad:

Rom som ikkje er eigna til varig opphold (sjå definisjon over). Eksempel: Bod, garasje, teknisk rom, uisolert vinterhage, balkong, terrasse og andre opne areal.